



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 01.06.2017
Møtetid: Kl. 15:00 - 15:25
Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer som møtte:	Parti:
Frøland, Knut Harald	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP
Tveit, Lena	BL
Øystese, Olaug Karin	A

Desse medlemmane møtte ikkje:	Parti	I staden møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A	Strømmen, Øyvind	MDG
Aasgaard, Inge	KRF	Ingen	

Møteleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Soleng, Marianne

Underskrift frå utvalseiar og møtesekretær:

Tysse

Frøland, Knut Harald
ordførar

Soleng, Marianne
einingsleiar sørvissenteret

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2017	17/620	Faste saker	
002/2017	16/447	Fastsetjing av fristar ved Stortings- og sametingsvalet 2017	
003/2017	16/447	Tidleg- og førehandsrøysting ved Stortings- og sametingsvalet 2017	
004/2017	16/447	Val av medlemmer til røystestyra ved Stortings- og sametingsvalet 2017	
005/2017	16/447	Godtgjersle til medlemmer i røystestyra ved valting	
006/2017	16/447	Opningstider i røystekrinsane ved Stortings- og sametingsvalet 11.09.2017	
007/2017	16/447	Oppnemning av røystemottakarar til førehandsrøystinga ved Stortings- og sametingsvalet 2017	

SAKNR. 001/2017: Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 001/2017 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2017: Fastsetjing av fristar ved Stortings- og sametingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Frist for listestillarar å setja fram krav om gratis eksemplar av manntalet er sett til **fredag 30.juni 2017**.
2. Frist for å søkje om ambulerande røstegjeving er sett til **onsdag 6.september 2017**.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 002/2017 Vedtak:

1. Frist for listestillarar å setja fram krav om gratis eksemplar av manntalet er sett til **fredag 30.juni 2017**.
2. Frist for å søkje om ambulerande røstegjeving er sett til **onsdag 6.september 2017**.

SAKNR. 003/2017: Tidleg- og førehandsrøysting ved Stortings- og sametingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ved Stortings- og sametingsvalet 2017 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i sørvissenteret på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære opningstida i sørvissenteret (kl. 08:30 – 15:00). I tillegg vert det tilbod om førehandsrøysting følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00.
- Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Leiar i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved Samnangerheimen.

Leiar i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram forslag til vedtak om at det skal vera førehandsrøysting i det nye biblioteket på Bjørkheim istadenfor på kommunehuset på Tysse følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00.
- Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Valstyret støtta samrøystes framlegget frå rådmann med endringane frå **Øyvind Strømmen (MDG)**.

VAL- 003/2017 Vedtak:

Ved Stortings- og sametingsvalet 2017 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i sørvissenteret på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære opningstida i sørvissenteret (kl. 08:30 – 15:00).

I tillegg vert det tilbod om førehandsrøysting i lokala til det nye biblioteket på Bjørkheim følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00.
- Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Leiar i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved Samnangerheimen.

Leiar i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

SAKNR. 004/2017: Val av medlemmer til røystestyra ved Stortings- og sametingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved stortings- og sametingsvalet 11.09.2017, slik det framlagde forslaget viser.

Varamedlemmene er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg: Leiaren i valstyret får fullmakt til å peika ut leiar og nestleiar i røystestyra.

VAL- 004/2017 Vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved stortings- og sametingsvalet 11.09.2017, slik det framlagde forslaget viser.

Varamedlemmene er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å peika ut leiar og nestleiar i røystestyra.

SAKNR. 005/2017: Godtgjersle til medlemmer i røystestyra ved valting**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Medlemmer i røystestyra ved Stortings- og sametingsval og kommunestyre- og fylkestingsval får utbetalt godtgjersle etter same sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune.

Leiar i røystestyra ved stortings- og sametingsval og kommunestyre- og fylkestingsval får utbetalt godtgjersle som tilsvara 1,5 gonger satsen møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune.

Varamedlemmer får berre utbetalt godtgjersle dersom dei må møta i røystestyret.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 005/2017 Vedtak:

Medlemmer i røystestyra ved Stortings- og sametingsval og kommunestyre- og fylkestingsval får utbetalt godtgjersle etter same sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune.

Leiar i røystestyra ved stortings- og sametingsval og kommunestyre- og fylkestingsval får utbetalt godtgjersle som tilsvara 1,5 gonger satsen møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger kommune.

Varamedlemmer får berre utbetalt godtgjersle dersom dei må møta i røystestyret.

SAKNR. 006/2017: Opningstider i røystekrinsane ved Stortings- og sametingsvalet 11.09.2017**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved stortings- og sametingsvalet 2017 vert på valdagen 11.09.2017 som følgjer:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 006/2017 Vedtak:

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved stortings- og sametingsvalet 2017 vert på valdagen 11.09.2017 som følgjer:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

SAKNR. 007/2017: Oppnemning av røystemottakarar til førehandsrøytinga ved Stortings- og sametingsvalet 2017**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Følgjande personar vert oppnemnde som røystemottakarar ved tidleg- og førehandsrøytinga ved Stortings- og sametingsvalet 2017:

Marianne Soleng, Jan Erik Boge, Linda-Sofie Frøland, Heidi Gjerde, Marianne Reistad, Nina Erdal, Silje Fossdal, Anne Marie Nyheim, Hilde-Lill Våge, Jostein Steinsland-Hauge, Svanhild Oldervoll, Meline H. Haugland og Tormod Tjåland.

Leiar i valstyret får fullmakt til å oppnemna fleire røystemottakarar dersom det er behov for det.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL- 007/2017 Vedtak:

Følgjande personar vert oppnemnde som røystemottakarar ved tidleg- og førehandsrøytinga ved Stortings- og sametingsvalet 2017:

Marianne Soleng, Jan Erik Boge, Linda-Sofie Frøland, Heidi Gjerde, Marianne Reistad, Nina Erdal, Silje Fossdal, Anne Marie Nyheim, Hilde-Lill Våge, Jostein Steinsland-Hauge, Svanhild Oldervoll, Meline H. Haugland og Tormod Tjåland.

Leiar i valstyret får fullmakt til å oppnemna fleire røystemottakarar dersom det er behov for det.